



Kristtornprakt på Skorpo – kor lenge varar den ? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein av lesarane som har latt seg inspirera av våre bilete av blomstrandende kristtorn på Skorpo, nærare bestemt inntil skogsvegen nær Søre Skorpevågen, har sendt oss nokre utfyllande opplysningar. Dei bringer vi gjerne vidare. No er det i høgste grad kristtornsesong att – den er populær som dekorasjonsplante til jul. Ja, før vart den til og med nytta som juletre..

Lesaren opplyser mellom anna at det no truleg ikkje varar lenge før trostefuglane er på plass og forsyner seg med bæra både på Skorpo og andre stader. Bæra er kulerunde og inneheld fire frø. Sjølv om dei er modne først seinhaustes, er dei svært harde og fuglane et dei ikkje gjerne før frosten har gjort dei mjukare. Dei blir lettare fordøyelege etter fleire omgangar med frost og opptining.

Og så er det viktig å understreka at bæra er giftige for menneskje og kan gje kvalme, oppkast og diare. Men dei har trass i alt lav giftigheit. Kristtorn-buskene gjev vinterstid – med sine grønne og piggete blader – vern for småfuglar mot rovfugl.

Ellers les vi at kristtornen er Norges einaste, eviggrønne lauvtre, at den er varmekrevjande og veks langs kysten frå Kragerø til Smøla. Treet kan bli opptil 10 meter høgt og tre meter i diameter på solvarme, lune stader med næringsrik, laus og djup moldjord. Kristtorn tåler skygge og veks spredt i furuskogar og edellausvogar, men blomstring og bærsetting skjer berre når lyset slepp til. Treet tåler salt og er ofte å finna i strandkratt.

I Sunnhordland og i Ryfylke har kommersiell hausting lange tradisjonar og går framleis føre seg både til eksport og innanlands bruk, står det å lesa.

Den kvite, harde veden er etterspurd for treskjering og til dømes nytta i sjakkbrikkar. Tidlegare var den viktig til spoler i skytteler for maskinveving. Fordi den er så hard er beinved eit anna vanleg namn på kristtorn.

Andre stader i verda har planta naturmedisinsk bruk som helsebringande te og brekkmiddel.

Og så visste du vel at hann- og hunnblomar utviklar seg på kvart sitt tre?

Av Ola Matti Mathisen